

AVLSPLAN FOR FJORDHEST



NORGES FJORDHESTLAG



Fastsett av Styret i Norsk Hestesenter 25. april 2012

1.	INNLEIING	5
2.	RAMMEVILKÅR FOR AVLSARBEIDET PÅ HEST I NOREG	5
2.1.	OMFANG AV HESTEHALD OG BRUKARAR AV HEST	5
2.2.	AVLSSTRUKTUREN OG TALET PÅ AVLSDYR	6
2.3.	ØKONOMISKE RAMMEVILKÅR I AVLSARBEIDET	7
2.4.	FAGLEG UTVIKLING OG SAMARBEID	8
3.	GENERELL AVLSMÅLSETJING PÅ HEST	8
4.	AVLSMÅLSETJING FOR FJORDHESTEN	10
4.1.	HISTORIA TIL DEN NORSKE FJORDHESTAVLEN.....	10
4.1.1.	<i>Starten av den organiserte avlen</i>	10
4.1.2.	<i>Stambok</i>	10
4.1.3.	<i>Offentlege konsulentar</i>	10
4.1.4.	<i>Norsk Hestesenter</i>	11
4.1.5.	<i>Offentlege reguleringar av avlen</i>	11
4.1.6.	<i>Avlsplan</i>	11
4.1.7.	<i>Avslag og foreiningar</i>	11
4.1.8.	<i>Utstillingssystemet</i>	11
4.1.9.	<i>Organisasjonane og mandatet deira</i>	12
4.2.	OPPHAVET TIL RASEN	12
4.3.	FJORDHESTAVLEN I DAG OG I FRAMTIDA.....	13
4.3.1.	<i>Nasjonalt og internasjonalt ansvar. Kulturarv og gamle tradisjonar – nye tider</i>	13
4.3.2.	<i>Overordna ansvar - bevare rasetype, særpreg og mangfald</i>	13
4.3.3.	<i>Endra krav gjennom tidene</i>	13
4.3.4.	<i>Avl, oppdrett og økonomi</i>	13
4.3.5.	<i>Innavlsproblematikk</i>	14
4.3.6.	<i>Avl, bruk og marknad</i>	14
5.	AVLSMÅL	15
5.1.	EIGENSKAPAR SOM VERT VEKTLAGDE FOR Å FREMJE AVLSMÅLET	15
5.1.1.	<i>Eksteriør</i>	15
5.1.2.	<i>Bruksegenskapar</i>	17
5.1.3.	<i>Haldbarheit</i>	17
5.2.	INDIVIDDØMMING.....	17
5.2.1.	<i>Indeksering av eigenskapar</i>	18
6.	UTVAL AV HINGSTAR – KÅRING	18
6.1.	KÅRINGSVEDTEKTER.....	18
6.1.1.	<i>Utstillingsrett</i>	18
6.1.2.	<i>Kåring/premiering</i>	18
6.1.3.	<i>Fyrste gongs individdømming</i>	18
6.1.4.	<i>Andre gongs individdømming</i>	19
6.1.5.	<i>Vektlegging av stamme i kåringsavgjerder</i>	19
6.1.6.	<i>Avkomsgransking</i>	19
	<i>Avkomsgransking og bruk av optimale bidrag</i>	19
6.1.7.	<i>Avkåring av hingst</i>	19
6.2.	VETERINÆRUNDERSØKING	19
6.2.1.	<i>Lidingar som er diskvalifiserande for kåring/premiering</i>	20
6.2.2.	<i>Overbein</i>	20
6.2.3.	<i>Undersøking av kjønnsorgan</i>	20
6.2.4.	<i>Følprosent/fruktbarheit</i>	20

6.3.	BRUKSPRØVER.....	20
6.3.1.	<i>Syning av hest laus i ridehall.</i>	20
6.3.2.	<i>Køyreprøve</i>	20
6.3.3.	<i>Utvida bruksprøve</i>	21
6.4.	HINGSTAR MED AVKOMSGRUPPE.....	22
6.5.	BRUK AV EIGEN UKÅRA HINGST PÅ EIGNE HOPPER	22
6.6.	BRUK AV EMBRYO	22
6.7.	BRUK AV SÆD FRÅ DØD HINGST	22
6.8.	KUNSTIG SEMIN (KS)	22
7.	UTVAL AV HOPPER.....	22
7.1.	HOPPEUTSTILLINGAR.....	22
8.	AVLSREGULERANDE TILTAK.....	22
9.	AVLSSTIMULERANDE TILTAK.....	23
9.1.	AVLSSTIMULERANDE TILTAK I REGI AV NORGES FJORDHESTLAG.....	23
9.1.1.	<i>Unghestsjå</i>	23
9.2.	AVLSSTIMULERANDE TILTAK I REGI AV NORSK HESTESENTER	23
9.2.1.	<i>Hingsteutstillingar</i>	23
9.2.2.	<i>Hoppeutstillingar</i>	23
9.2.3.	<i>Unghestsjå</i>	23
9.2.4.	<i>Individregistrering og utgjeving av stambok</i>	23
9.2.5.	<i>Anna økonomisk støtte til avlsarbeid</i>	23
10.	OPPFØLGING AV AVLSPLANEN.....	24
10.1.	REVISJON AV AVLSPLAN	24
10.2.	ENDRINGSFORSLAG AVLSPLAN	24
10.3.	AVLSRÅD	24
10.4.	STAMBOK	24
11.	INSTRUKSAR FOR KÅRINGSNEMND OG DOMMARAR.....	24
11.1.	REGELVERK	24
11.2.	UTDANNING AV DOMMARAR.....	24
11.3.	OPPFØLGING AV DOMMARAR	24
12.	HANDSAMING AV KLAGER PÅ RESULTAT FRÅ UTVAL AV AVLSDYR	25
12.1.	KLAGERETT	25
12.2.	KLAGEHANDSAMING	25
13.	VEDLEGG.....	25
13.1.	VEDLEGG 1: FORSKRIFT OM GODKJENTE (REINAVLA/REGISTRERTE) DYR AV HESTEFAMILIEN	25
13.2.	VEDLEGG 2: REGLER FOR OFFISIELLE HESTEUTSTILLINGAR	25
13.3.	VEDLEGG 3: FJORDHESTENS FARGAR.....	25
13.4.	VEDLEGG 4: DOMMARKORT FOR HEST	25
13.5.	VEDLEGG 5: SKJEMA FOR HELSEKONTROLL	25
13.6.	VEDLEGG 6: BRUKSPRØVEREGLEMENT FOR HOPPER OG HINGSTAR	25
13.7.	VEDLEGG 7: BRUKSPRØVER FOR HINGSTAR.....	25
13.8.	VEDLEGG 8: DOMMARKORT LAUSMØNSTRING	25
13.9.	VEDLEGG 9: DOMMARSKJEMA OBSERVASJONSTEST FOR HINGSTAR	25
13.10.	VEDLEGG 10: DOMMARSKJEMA UTVIDA BRUKSPRØVE FJORDHEST	25
13.11.	VEDLEGG11: UTDRAG AV REGLER FOR REGISTRERING	25

1. Innleiing

Avlsarbeidet på hest i Noreg byggjer på sterke tradisjonar. Interesserte oppdrettarar, statskonsulenttenesta, kåringsnemnder og liknande har, i tillegg til tradisjonelle avlstiltak som hestealssetrer, hestealslag og utstillingsvesenet, lagt grunnlaget for kvaliteten på hesten i Noreg i dag. I dei seinare tiåra har det vorte lagt meir vekt på prestasjonar og konkurranseresultat. Dette gjer at grunnlaget for å drive avl av hest har vorte noko endra. Norsk Hestesenter har ansvaret for å utarbeide avlsplanar for alle hesterasar/typar som ein driv organisert avl på i Noreg. I tillegg til å vere ei rettesnor for korleis avlen skal drivast i framtida, skal avlsplanane gi grunnlag for utval av avlsdyr, vere rettleiing for kåringsnemnd/ dommarar, vere eit juridisk dokument ved klagesaker og vere rettesnor ved tildeling av økonomisk støtte til avlsarbeidet.

Eit spørjeskjema om avlsmål, avlstiltak og avlsplanar som vart sendt til alle avlsorganisasjonane, var utgangspunktet for avlsplanane. Momenta frå desse skjema vart diskutert nærare saman med representantar frå dei aktuelle avlsorganisasjonane. På bakgrunn av dette har så dei enkelte planane vorte utarbeidde. Avlsplanane skal vere eit ledd i det vidare arbeidet med ein nasjonal avlsplan for hest. Gruppa som har arbeidd med avlsplanane er: Leiar av avlsrådet ved Norsk Hestesenter, Professor Odd Vangen, avlsleiar ved Norsk Hestesenter, Tore Kvam og prosjektleiar Nina Valberg Nordrum. Turid Helfjord, Live Ulven og Solveig Wisløff ved Norsk Hestesenter har i tillegg vore til god hjelp, og mange verdfulle tillegg har også kome frå avlsorganisasjonane. Det Norske Travelskap har sjølv hatt ansvaret for avlsplanane til tråvarrasane. Desse vort utarbeidde av Gunnar Klemetsdal og Nils I. Dolvik saman med avlsutvalet i Det Norske Travelskap.

Avlsplanane skal vere operative f.o.m. avlssesongen 1995. Før endeleg godkjenning, har planane vore ute til høyring i dei einskilde organisasjonane. Det er eit mål at den endelege avlsplanen blir til nytte i avlsarbeidet på hest i Noreg.

2. Rammevilkår for avlsarbeidet på hest i Noreg

Hovudmålet med avlsarbeidet er å nå genetisk framgang for dei ulike eigenskapane i avlsmålet. Ein viktig del av avlsplanarbeidet er å vurdere ulike avgrensingar som ligg føre. Rammene kan vere av både eksterne og interne karakter. Med eksterne tilhøve meiner ein til dømes nasjonale og internasjonale faktorar, bioteknikkar og krav til kvalitet. Dei rammevilkåra som næringa sjølv set for avlsarbeidet vil vere prega av ytre tilhøve, men blir også styrte av målsetjinga til næringa sjølv, dyrestruktur, regelverk for avlsdyr, næringspolitiske disposisjonar, og ikkje minst av den økonomiske evna næringa til ei kvar tid har. Dyrearten vil også ha sine egne biologiske avgrensingar (som til dømes fruktbarheit) som set grenser for effektiviteten i avlsarbeidet. Det vil difor vere nødvendig å vurdere moglege avlstiltak og kva effektar ein kan vente seg, opp mot dei avgrensingar som eksisterer.

2.1. Omfang av hestehald og brukarar av hest

Hestetalet i Noreg ligg i dag opp mot 50 000 hestar totalt, og kvart år blir om lag 5000 hopper para. Rasedelinga viser at dødehesten og kaldblodstravaren utgjer omlag 30 % av hestane, varmbloodstravarar 20 %, fjordhest 11 % og ridehestar og ponnier om lag 20 %.

I tabell 1 finn ein talet på registrerte hestar i ulike grupper pr. 31.12.2000 (Norsk Hestesenter). Talet på registrerte hestar er lågare enn det faktiske talet, då mange hestar ikkje høyrer til i noko definert brukargruppe, eller ikkje er registrerte i si gruppe.

Tab. 1. Talet på hestar i ulike grupper
(Norsk Hestesenter 31.12.2000)

Brukargruppe	Ant. reg. hestar	% 1990	% 1998	% 2000
Travhest	22000	52,0	43,5	45,0
Fjordhest	5500	16,9	12,9	11,2
Islandshest	5000	8,4	11,7	10,2
Ponniar	4500	4,2	7,1	9,2
Varmblods ridehest	4000	6,5	9,4	8,2
Dølehest	3000	5,6	7,1	6,1
Nordlands-/Lyngshest	2300	3,7	5,7	4,7
Fullblodshestar xx	2100	1,7	1,4	4,3
Fullblodsaraber ox	650	1,1	1,5	1,3

I dag blir hesten mest brukt til sport og fritidsaktivitetar, og bruken av hest i landbruket har vorte minimalisert dei siste tiåra. Berre omlag 7 % av driftseiningane i jordbruket nyttar hest, og desse einingane nyttar hesten om lag 30 timar i året i jordbruket og om lag 20 timar i året i skogbruket. I skogbruket har interessa for å bruke hest auka noko, særleg i tynning og transport over kortare distansar.

Det er totalisatorspel på elleve travbanar og ein galoppbane i Noreg. Travporten er den største greina av hestesporten. Totalisatorspelet vart starta i 1928 og er hovudårsaka til den sterke utviklinga i travaravlen. Omsetninga ligg i år 2000 på om lag 2,5 milliardar kroner, og rundt 5000 travarar og 400 galopphestar startar i totalisatorløp kvart år. Interessa for ridesporten har auka mykje dei siste tiåra. Konkurranseritt omfattar greinene sprang, dressur, feltritt, voltige og distanseritt, og i tillegg gangartsriding for islandshest. Konkurranseskøyting er relativt nytt i Noreg. Sporten er organisert i Norges Rytterforbund som har 22 000 medlemmer delt på om lag 270 klubbar. Det er registrert om lag 6500 hestar i konkurransesamanheng (krinsnivå og høgare). Ponnirasane fyller behovet for ein mindre hest til ungar. I dei seinare åra har ponnitrav kome inn og auka spekteret av aktivitetar på dette området. Fleire raseorganisasjonar arrangerer egne konkurransar innafor riding og køyting.

2.2. Avlsstrukturen og talet på avlsdyr

Talet på avlsdyr i populasjonen set avgrensingar for framgangen i avlen. Seleksjonsintensiteten (utvalsintensiteten) og tryggleiken i utvalet blir mindre i små populasjonar, og vil føre til redusert avlsframgang. I små populasjonar må ein dessutan ofte avgrense avlsarbeidet i form av mottiltak mot innavlsauke. I avlsprogram der nyare teknikkar i fastsetting av avlsverdi blir brukt, vil det vere nødvendig å ha eit forhold til innavl.

Som det går fram av tabell 2, er det stor variasjon i talet på avlsdyr i dei ulike hestepopulasjonane i Noreg. Ofte er avlsdyra også geografisk spreidde ut over store avstandar, noko som gjer avlsarbeidet vanskeleg. Strukturen i hesteavlen, med mange små einingar, gjer at evna til investeringar er lita både med tanke på tekniske og arbeidsmessige avlstiltak. Det betyr at eventuelle tiltak som ein ønskjer å halde på eller innføre, må vere økonomisk lette å bere og arbeidsmessig lite krevjande for at ein kan forvente stor tilslutning.

Dei nasjonale eller særnorske rasane har avgrensingar i avlsarbeidet ved at ein i liten grad kan importere nytt avlsmateriale frå utlandet til Noreg. For desse rasane har Norsk Hestesenter eit særskilt ansvar i forvaltninga av den levande kulturarva desse representerer. Noreg har eit særleg ansvar for å ta vare på, avle og utvikle desse rasane. Dette krev at avlsarbeidet blir gjennomført på ein forsvarleg måte. Rasar knytte til internasjonale organisasjonar, har gjerne eit samarbeid med moderorganisasjonen sin. Der ligg det ofte klare påbod og pliktar for avlsarbeidet som den einskilde raseforeininga må halde seg til. Det gjeld både føring av stambok, identifisering, avlsteknikkar (kunstig sædovertføring, nyare fertilitetsteknikkar og liknande).

I høve til ”Forskrift om godkjende (reinavla/registrerte) dyr av hestefamilien” § 4 med vedlegg 1 krevst det offisiell godkjenning av avlslag eller organisasjonar som fører eller opprettar dyreregister (stambøker). Landbrukstilsynet har godkjent følgjande avlslag og avlsorganisasjonar.

2.3. Økonomiske rammevilkår i avlsarbeidet

Norsk Hestesenter har ansvaret for utviklinga og gjennomføringa av hesteavlen i Noreg. Hestesenteret er ei stifting, som er eigd og vert drive av dei ulike laga i næringa (17 stk. i 2000). Norsk Hestesenter har ein avlsleiar som er den administrative leiaren for hesteavlen i Noreg, og eit avlsråd med ansvar for å arbeide for å betre kvaliteten og utviklinga på hesten i Noreg, og dessutan arbeide for å betre den norske avlen. Avlsrådet er eit organ som gir råd i faglege saker for styret i Norsk Hestesenter. Styret kan delegere myndigheit til avlsrådet til sjølvstendige vedtak i spesielle saker.

Norsk Hestesenter har ansvaret for alle offentlege hingsteutstillingar i landet. Offentleg regulering av hesteavlen har lange tradisjonar i Noreg. Allereie i 1696 vart ei viss form for tvungen kåring av hingstar prøvd innført av statthaldar Gyldenløve, utan at det vart ein realitet. Dei fyrste reglane for utstillingar kom i 1869, og desse fastlegg "dølehestens type". Revisjonen av reglane i 1874 slår fast at denne typen skal fremjast reinavla, utstillingsdyra skal følgjeleg vere av "ublanda norsk herkomst". Hanndyrlova vedteke av Stortinget i 1873 gav etter revideringa i 1919, heradstyra fullmakt til å forby m.a. hingstar sleppt i fellesbeiter, dersom dyret på førehand ikkje var godkjent som avlsdyr. I 1939 vedtok Stortinget den fyrste Lov om kåring av avlshingstar. Denne lova og dei reglane departementet ga med heimel i lova, vart sett i verk frå 1.1.1941.

Kåringslova vart erstatta av Lov om husdyravl av 4. desember 1992 med Forskrift om godkjente (reinavla) dyr av hestefamilien (vedlegg 1) som vart gjeldande f.o.m. 1.7.1994 og erstatta av Forskrift om godkjende (reinavla/registrerte) dyr av hestefamilien av 13.01.1999, seinast revidert 15.06.2001. Her slår ein fast at kravet om kåring gjeld for alle avlshingstar og avlsretningar i Noreg.

Norsk Hestesenter er vidare med på å arrangere hoppeutstillingar og unghestsjå. Dette er avlstiltak med stor tradisjonell og kulturell mening mange stader i landet. Norsk Hesteavlsseter er ein annen verdfull tradisjon i norsk hesteavl, og sidan 1988 ein del av oppgåvene til Norsk

Hestesenter. Ordninga var tidlegare knytt til Statskonsulenttenesta. No i 2000 gjeld tiltaket dei tre særnorske rasane. (Sjå avlsplanane for desse rasane: Avlsstimulerande tiltak i regi Norsk Hestesenter)

Den økonomiske ramma for hesteavl har i dei siste åra ligge på i overkant av 5 millionar kr. I denne summen er også avlsadministrasjon med avlsleiar, fagkonsulent/stambokførar og sekretær, statsutstillingane og hesteavlssetrene teke med. Tilskota til avlstiltak direkte til avlsorganisasjonane frå Norsk Hestesenter var for 2001 på totalt 900 000 kroner.

2.4. Fagleg utvikling og samarbeid

Norsk Hestesenter skal vere det øvste avlsfaglege senter med kompetanse i hesteavl i Noreg, og i tillegg spele ei sentral rolle i handteringa og koordineringa av data til avlsarbeidet. Det vert lagt vekt på eit nært samarbeid med dei aktuelle fagmiljøa innan husdyrfag og veterinærmedisin. Dette fører til gjensidig nytte og stimulans i framtidig arbeid. Vidare skal ein evaluere og følgje opp avlsplanen kontinuerleg der nyare forskingsresultat og praktisk erfaring som er relevant blir lagt til grunn. God kontakt og godt samarbeid med dei einskilde avls- og brukarorganisasjonane i hestesporten er viktig for best mogleg å kunne følgje opp avlsarbeidet, og ved diskusjonar om framtidig avlsretning/strategi. Norsk Hestesenter ser det dessutan som viktig å heve nivået av avlsfagleg kunnskap både ute i organisasjonane og hos aktørane i det sentrale avlsarbeidet (dommarar og liknande) gjennom informasjon, møter og kurs.

3. Generell avlsmålsetjing på hest

Med ansvar for all nasjonal avl av hest i Noreg, skal Norsk Hestesenter medverke til å avle ein hest som tener framtidige hesteeigarar og brukarar på ein best mogleg måte, og som totalt sett vil vere til nytte for samfunnet. Utarbeiding og etablering av avlsplanar for alle norske hesterasar er nødvendig for å nå denne målsetjinga. Vidare ser Norsk Hestesenter det som viktig å initiere norsk avl på område der det vert importert mykje hest i dag.

Hesten har i dag fått mange nye oppgåver, og han dekkjer nye behov innan sport, rekreasjon og terapi. I større grad enn tidlegare blir hesteavl retta meir mot bruksoppgåvene. Eit viktig ledd i avlsplanane vil derfor vere å måle eigenskapane så nært opp til bruksområda til dyra som mogleg. For mange rasar vil ei for einsidig vektning på bruksegenskapar og prestasjonar kunne gå utover ønsket om å ta vare på typen, preget og heilskapen til rasen. For desse rasane vil heilskap og type/preg vere overordna.

Etableringa av avlsplanar gjev i større grad moglegheit til å styre avlen, slik at også dei langsiktige avlsinteressene vert tekne vare på. Dette er interesser knytte til helse, lynne og handterbarheit, haldbarheit og fruktbarheit, samt ønsket om å unngå problema knytte til innavl. Å inkludere desse eigenskapane i avlsmålet vil kunne redusere tempoet på avlsframgangen på kort sikt. Over tid synest det likevel å vere rett strategi å ta ansvar også for dette. Ein slik avlsstrategi vil i tillegg vere rett i høve til ein framtidig etisk debatt, og tene dei framtidige hesteeigarane gjennom reduserte veterinær- og utrangeringskostnader.

Eit viktig moment i avlsplanane vil vere å ta ansvar for den langsiktige forvaltninga av avlen som Norsk Hestesenter og dei einskilde raseorganisasjonane har teke på seg. For dei nasjonale rasane går dette i hovudsak ut på å halde kontroll med innavl i populasjonen. Dei nasjonale rasane er små populasjonar med avgrensa moglegheit for å importere nytt avlsmateriale. Rasane betyr mykje i ein kulturell samanheng, og i det framtidige avlsarbeidet vil det vere viktig å sikre levevilkåra til desse populasjonane gjennom eit strukturert og regulert avlsarbeid. Rasar med internasjonal tilknytning har ei større moglegheit for import av nytt avlsmateriale. For desse rasane går ansvaret for forvaltninga ut på å fremje avlen av norsk hest, og å tilby hest til dei ulike greinene i hestesporten. Importen til Noreg er for nokre rasar ganske omfattande av dyr til både

sports- og fritidsbruk. Behovet for m.a. varmblods ridehest vert ikkje dekkja av norsk avl i dag. Ei viktig målsetjing er derfor å auke talet på norskoppdretta hest av internasjonal kvalitet. Målsetjinga med avlsarbeidet for dei nasjonale og internasjonale rasane blir derfor noko ulik. For dei nasjonale rasane vil eit langsiktig ansvar for forvaltninga av rasen vere avgjerande. Men også desse rasane skal konkurrere med importerte hestar på fleire bruksområde innan hestesporten. Dei internasjonale hesterasane kan i større grad ta mål av seg til å avle ein hest som er konkurransedyktig internasjonalt. Avl av hest på eit internasjonalt nivå vil gje moglegheita for eksport. Framgangen i avlen vil i stor grad vere avhengig av dei rammevilkåra ein har (t.d. styring av importert avlsmateriale og importert sæd).

Poenget med å gjennomføre eit avlsarbeid der alle arbeider mot dei same måla og sikrar framgangen for eigenskapar i avlsmålet, verkar sjølvsagt. Avlsarbeidet vil kome heile næringa til gode. Det er derfor viktig at ein tilpassar eit seriøst avlsarbeid og at rammevilkåra ligg til rette. Avlsplanane skal medverke til eit systematisert og strukturert avlsarbeid.

Avlsplanane for dei ulike rasane er bygde opp etter same mal med ein hovuddel og ein vedleggsdel. På den måten er planane lette å kjenne seg att i også mellom rasane. Planane skal vurderast og følgjast opp til ei kvar tid, slik at dei kan endrast når situasjonane krev det.

4. Avlsmålsetjing for fjordhesten

4.1. Historia til den norske fjordhestavlen

4.1.1. Starten av den organiserte avlen

Det har vore fjordhest i Noreg så langt attende ein har kunnskap om, men avlen kom inn i strukturerte former fyrst i 1840-50-åra. I 1843 vart det bestemt at det skulle opprettast eit stutteri på Hjerkinna på Dovrefjell, vel 1000 m.o.h., for å forbetre den norske hesteavlen generelt, og for å skaffe hestar som var tenelege til den tids bruk. Fjordhesten vart på den tida nytta som gardshest med oppgåver som skifta mellom ved-/tømmerdrift om vinteren, onnearbeid om sommaren, kløvjing ved seterdrift og køyring til kyrkje. Han vart òg mykje nytta til skysskøyring og til transport av post, anna gods og varer.

Til stutteriet på Hjerkinna vart det kjøpt inn ein hingst og seks hopper av "den opprindelige norske race", altså fjordhest. Ein hadde ikkje kjennskap til nedarvinga av fargar, og på denne tida var den ulsblakke fargen den mest populære (mellom 1857-1879 var 48 % av dei registrerte avlshingstane og 46.8 % av dei registrerte hoppene ulsblakke). Alle dei innkjøpte hestane var ulsblakke, og av dei 32 føla som vart fødte på stutteriet dei ni åra det var i drift, vart 15 kvite og glasøygde. Grunna dette og av di stutteriet var dårleg drive og hestane ringt stelte, vart det nedlagt. I staden vart det bestemt at staten skulle kjøpe inn hingstar som oppdrettarane kunne nytte. Statsagronom Lindeqvist fann ikkje fjordhingstar som han "ansaa skikken til at forbedre racen", og dermed vart det lagt opp til kryssingsavl frå styresmaktene si side.

Den fyrste utstillinga på Vestlandet vart halden i Førde 1864. Fram til 1875 var det ei årleg utstilling som veksla mellom fylka Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Hordaland, då gjekk ein over til to årlege utstillingar der Rogaland fylke òg vart med. Frå 1895 vart det årlege utstillingar i kvart av dei fire fylka på Vestlandet. I 1875 byrja staten å kjøpe inn reine fjordhingstar som vart plasserte rundt om i avlsområdet. Fylka på Vestlandet tok til å kjøpe hingstar i 1870-/80-åra. Til liks med statshingstane vart desse flytte rundt og stasjonerte på ulike stader. Den siste statshingsten på Vestlandet vart utmønstra i 1937. I Rogaland vart den siste fylkeshingsten òg utmønstra i 1937, dei andre fylka hadde slutta før.

Njål 166, som er stamfar til dei viktigaste hingstelinjene i fjordhestavlen verda rundt, var fylkeshingst i Sogn og Fjordane i perioden 1896-1910. Det vart stor strid om kryssingsavlen når oppdrettarane etter kvart såg dei uheldige sidene ved han, og i 1907 vart det samankalla til møte i Innvik i Nordfjord. På møtet var det ulike meiningar, men etter dette vart det allment akseptert at det berre skulle drivast rein avl av fjordhest. Striden vart sidan kalla Rimfaksestriden etter den mykje nytta blandingshingsten Rimfakse 146.

4.1.2. Stambok

Etter tiltak frå Det Kongelige Selskap for Norges Vel vart den fyrste stamboka for fjordhest (i den tid kalla Vestlandshest) utgjeve i 1910. Stamboka omfatta 308 hingstar, fødte i åra 1857-1904. Statens Stambokkontor, som høyrde under Landbruksdepartementet, vart oppretta i 1918 og overtok ansvaret for stamboka. Fram til i 1989 var stamboka ei elitestambok der berre premiere og kåra hestar vart innførte. No er stamboka ei registerstambok som forutan dei kåra og premiere fjordhestane, òg omfattar foreldra til alle registrerte fjordhestar.

4.1.3. Offentlege konsulentar

I siste del av 1800-talet vart det oppnemnt statskonsulentar til å ta seg av husdyravlen i dei ulike distrikta. Vestlandet vart delt i to distrikt, og konsulenten hadde ansvaret for alle husdyr. I 1922 vart veterinær Jens Nordang utnemnd til statskonsulent for fjordhest. Avlsarbeidet vart meir målretta, og nye tiltak vart innførte. Over tid vart ordninga med statshingstar avvikla og midlar

overførte til lokale avlslag. Fram til 1967 var det eigen statskonsulent for fjordhest. Frå dette året av vart ansvaret for avlsarbeidet for alle hesterasar lagt under éin statskonsulent. Frå 1993 har avlsleiaren ved Norsk Hestesenter overteke arbeidsområdet til statskonsulenten.

4.1.4. Norsk Hestesenter

I 1987 vart denne institusjonen oppretta som ei stifting, av norske hesteorganisasjonar. NHS har, etter fullmakt frå Landbruksdepartementet, ansvaret for avlsarbeidet for hest, inkludert registrering, stambokføring og utstillingar.

4.1.5. Offentlege reguleringar av avlen

Før 1941 var det tillate å nytte alle hingstar i avlen. Dette året vart det innført ei ”Lov om kåring av alshingstar”. Etter den var det forbode å nytte andre hingstar enn dei som er kåra i samsvar med lova, men det var framleis lov å nytte ukåra hingst om det var same eigar til hingst og hoppe. Med små endringar var denne lova gjeldande fram til 1995, då ho vart avløyst av ”Forskrift om godkjente (reinavla) dyr av hestefamilien” som samsvarer med dei felleseuropeiske reglane. Frå 2002 er det ikkje tillate å nytte ukåra hingstar i Fjordhestavlen.

4.1.6. Avlsplan

I 1995 fekk fjordhesten, til liks med fleire andre rasar i Noreg, ein avlsplan som dannar grunnlaget for alt avlsarbeid for rasen. Den overordna avlsmålsetjinga for fjordhesten er følgjande: ”Gjennom reinrasa avl har Norges Fjordhestlag som formål å ta vare på særpreget og mangfaldet til fjordhesten og vidare avle fram ein sunn og funksjonsdyktig hest. For fjordhesten vil dette seie å sikre ein langsiktig avlsframgang for eigenskapane i avlsmålet. Avlsplanen skal medverke til eit tenleg og planfast arbeid for rasen og brukarane, noko som vil sikre ei langsiktig forvaltning av populasjonen.” I fylgje Den europeiske husdyrkonvensjonen og vedtak i kommisjonen til den Europeiske Union, er Noreg anerkjent som opphavs- og moderland til rasen, og pålagt ansvaret med å ta vare på rasen og særpreget til denne.

4.1.7. Avlslag og foreiningar

Dei fyrste lokale avlslaga for fjordhest vart skipa sist i 1890-åra. Før den tid var det òg private ”interessentselskap” som heldt hingstar. Lokallaga kunne omfatte små bygdelag eller større distrikt, og med tida slo mange seg saman for å styrke økonomien. Formålet med laga var å halde gode avlshingstar. I 1943 var det i Noreg 130 lokallag som til saman heldt 165 avlshingstar. Dei fleste laga hadde ein eller to hingstar. Det største, Jæren, hadde opptil 11 hingstar. Under statskonsulent Nordang vart det innført tilskotsordningar til lag for kjøp og hald av godkjende hingstar. Det vart behov for å stå meir samla for å få gjennomslag ovanfor avlsleiing og styresmakter, og etterkvart danna laga i same distrikt eller fylke, distrikts- og fylkeslag. Det fyrste var Nordfjord Fjordhestlag, skipa i 1919. Dei andre kom til i 1930-/40-åra. Etterkvart vart det òg behov for eit samlande landslag, og distrikts- og fylkeslaga skipa Norges Fjordhestlag (NFL) i 1949. Pr 2002 var det 51 lokallag underlagt NFL. Ein del av desse er primært aktivitetsretta lag som ikkje held hingst. No er det direkte medlemskap i NFL, men det er framleis distrikts- og fylkeslaga som sender utsendingar til årsmøtet. NFL gjorde opptakta til å danne ein internasjonal organisasjon for fjordhesten, og Fjord Horse International (FHI) vart danna i 1997.

4.1.8. Utstillingssystemet

Til å byrje med var det felles utstillingar, med eigne klasser for hopper og hingstar, og hestane vart premierte etter rangeringa – med 1. premie til den beste, 2. pr. til den nest beste osv. Etter ei tid gjekk ein over til den premieringsforma som vart brukt til og med 2007, der individa fekk premiegrad etter kvalitet med høvesvis 1., 2. og 3. premie, godkjend og kåra. Unghestar, hingstar 1-2 år og hopper 1-3 år møtte vanlegvis på eigne unghestsjø om våren. Åringar deltok i uoffisielle klasser. På hoppeutstillingane vart individa delt opp i klasser etter alder og etter om

dei møtte med føl eller ikkje. Hingstutstillingane hadde klasser for 3-åringar, 4- og 5-åringar, og 6 år og eldre. Treårshingstar kunne kårast for eitt år og måtte gjennomgå og få godkjend utvida bruksprøve som fireåringar om dei skulle behalde løyvet til vidare avl. Tidlegare var dei inne til utvida bruksprøve som femåringar. Frå 2009 er bruksprøveopplegget endra. På alle sjå og utstillingar vert individa vurderte etter avlsmålet slik det er formulert i avlsplanen. Frå og med 2008 er utstillingssystemet endra, og det er no eit premieringssystem som skil klart mellom individ og avkomsvurdering. Sjå vidare eige vedlegg om bruksprøver og utstillingssystem.

4.1.9. Organisasjonane og mandatet deira

Norges Fjordhestlag har sidan 1949 vore hovudorganisasjonen for fjordhest i Noreg. I dag er NFL godkjent av Det norske Landbruksdepartement som det einaste avlsforbundet for fjordhest i Noreg. I fylgje Rio-konvensjonen for biologisk mangfald, er Noreg som opphavsland ansvarleg for å ta vare på og utvikle fjordhesten i Noreg, i Den Europeiske Union og dei landa som har økonomiske avtalar innan dette området.

Opp gjennom tidene har fjordhesten vore eksportert til mange land, og fjordhesten har vore avla i stort omfang òg i utlandet. Av den grunn tok NFL initiativet til å etablere ein internasjonal organisasjon slik at alle land som er interessert i fjordhestavl kunne verte ein del av eit internasjonalt avlsforbund for denne rasen åleine. Fjord Horse International, FHI, vart danna som eit aksjeselskap i 1997 og endra til ein medlemsorganisasjon i 2001.

4.2. Opphavet til rasen

Fjordhesten er ein av dei eldste og reinaste rasane i verda. Vestlandet har vore sentrum for avl og oppdrett av rasen, difor har fjordhesten òg vore kalla vestlandshest. Det er usikkert kvar fjordhesten har opphavet sitt frå. Han har mange likskapar med den einaste nolevande villhesten, Przewalskihesten i Sentral-Asia – særleg når det gjeld dei blakke fargane og dei primitive avteikna som mørk ål etter ryggen, midtstol, grep, halefjør og striper på beina. Fjordhesten liknar òg på den europeiske villhesten; Tarpanen, som det no berre er få individ att av. Seinare har det jamvel vist seg at fjordhesten ikkje stammar frå Przewalskihesten, då denne har 66 kromosom og fjordhesten og Tarpanen berre har 64.

Mest sannsynleg kom hesten til Noreg frå aust, via Sverige. Både i Danmark og sør i Sverige fanst det truleg villhestar heilt frå siste istid. Frå tidleg bronsealder har funn etter villhestar vore vanleg. Arkeologiske funn tyder på at det vart halde tamhestar i Noreg i bronsealderen, ca 1200 f. Kr. Frå vikinggravstader er det gjort funn som tyder på at det har vore avl av tamme hestar i om lag 2000 år, og alt tyder på at fjordhesten stammar frå den opphavlege hesten i Noreg. Opp gjennom tidene har det vore mykje sjøfart mellom Noreg, Island og dei Britiske øyane. Difor har truleg hestar frå desse områda vore med og påverka utviklinga til fjordhesten.

Det synest som at dei ulike typane av fjordhest har variert noko i storleik og preg nord og sør på Vestlandet. I Sunnhordland var hesten mindre, lettare og av ein edlare type, medan fjordhesten i Nordfjord og på Sunnmøre var kjend for å ha ein større, grovare kroppsbyggnad med sterkare hårvekst. Difor har det vore diskutert om det opphavleg var ulike typar av fjordhest, kanskje med noko ulikt opphav. Rosendalsborken I 8, fødd i 1863 i Kvinnherad, er eit døme på den lettare typen. Som 20-åring deltok han på ei utstilling i Tyskland og vekte stor oppsikt. Den viktigaste hingsten i rasen si historie, er Njål 166, fødd i 1891 i Stryn. Njål var fylkeshingst i Sogn og Fjordane, og var stasjonert på Sunde i Stryn frå 1896 til han døydd i 1910. Njål finst i stamtavla til alle nolevande fjordhestar i verda i dag.

Av di fjordhesten er lettfôra, hardfør, uthaldande og flink i terrenget, var han særleg godt eigna på dei små og tungdrivne gardane på Vestlandet før mekaniseringa. Han vart òg mykje nytta som skysshest over heile landet. Takka vere vestlandsbøndene si spesielle interesse for denne rasen,

har fjordhesten halde på desse eigenskapane heilt fram til i dag. Fjordhesten si sjarmerande framtoning, det gode gemyttet og dei allsidige bruksegenskapane, gjer han svært omtykt òg i våre dagar. Mange ser til og med på denne hesten som eit norsk nasjonalsymbol.

4.3. Fjordhestavlen i dag og i framtida

4.3.1. Nasjonalt og internasjonalt ansvar. Kulturarv og gamle tradisjonar – nye tider

Noreg har, som opphavslandet til fjordhesten, eit særskilt ansvar for rasen. Dét er slått fast gjennom Rio-konvensjonen om biologisk mangfald og gjennom vedtak i EU-kommisjonen. Fjordhesten er i tillegg ein del av den norske kulturarven. Det er såleis viktig å ta vare på tradisjonar, samstundes som fjordhesten skal vere ein hest for si tid. Sist på 1800-talet vart uttrykket ”hovud som ein brisling, hals som eit rokkehjul, kropp som ei nepe og føter som stålfjører” brukt som eit bilete på ein typisk fjordhest. I dag vil vi òg ha ein typisk hest med utstråling, sjølv om synet på deler av eksteriøret har endra seg i samsvar med endra bruksområde. Krava vi har sett til fjordhesten har veksla etter utviklinga i samfunnet elles. Fjordhesten har vist seg å vere sær s tilpassingsdyktig og er no å finne i alle verdsdelar. Dei siste åra har fjordhestavlen i Noreg vorte sterkt redusert. På ti år er talet hopper førte til hingst nærast halvert, og talet på hingstar som er aktive i avlen, er òg lågare enn før. I takt med dette går tilsluttinga til sjå og utstillingar attende. For å halde avlen oppe på eit nivå som gjev tilstrekkeleg rekruttering til å halde oppe standarden på rasen og auke frammøte på sjå og utstillingar, kan det krevjast særskilde tiltak.

4.3.2. Overordna ansvar - bevare rasetype, særpreg og mangfald

Avl av fjordhest er raseavl, og difor må rasetype og preg vere overordna andre eigenskapar. Fjordhesten finst i mange storleikar og ”modellar”, noko ein ser som ein fordel ut frå det allsidige bruksområdet rasen har. Ved registrering av fjordhest i stambok er det krav om fem godkjende generasjonar med reine registrerte fjordhestar i stamtavla. Desse reglane trådde i kraft i 2008.

4.3.3. Endra krav gjennom tidene

Krava vi har sett til fjordhesten, har endra seg gjennom tidene, og med dét ønskja om kva eigenskapar som skulle prioriterast i avlsarbeidet. Køyre- og kløvhesten (”skysshesttypen”) frå 1800-talet vart funnen for liten og lett i høve til dei eigenskapane nye landbruksmetodar kravde av ein trekkhest. Dét var eitt av argumenta då kryssingsavlen vart sett i gong. Då reinavlspolitikken vart gjennomført, var avlsmålet framleis ein fjordhest av typen trekkhest. Målet vart sett i system då fjordhesten fekk sin eigen statskonsulent i 1922, og denne avlspolitikken vart ført vidare til 1960-åra, då maskinane etter kvart tok over som trekraft. Då kom det ønskje om å få fram ein smidigare og ikkje så tung hest. Seinare har denne trenden vorte forsterka ettersom bruken av fjordhest har endra seg til overvegande fritidsbruk som riding og lettare køyring. Gjennom alle tider har ønskjemålet vore ein hest med funksjonelt eksteriør. Til vår tids bruk vil det seie ein smidig hest med godt lynne og som tek seg godt fram både i terreng og på bane, under ryttar og framfor vogn. Fjordhesten er òg nytta som rideskulehest, og i aukande grad i konkurransar på ulike nivå.

4.3.4. Avl, oppdrett og økonomi

I fjordhestavlen har vi hatt mange dyktige husdyrfolk. For å halde avlen oppe er det naudsynt med engasjerte, bevisste og oppdaterte oppdrettarar som kan skaffe hestar det er interesse og behov for. Når avlen er så liten som tilfelle er no, er det òg viktigare enn nokosinne med godt avlsmateriale. Planmessig og målretta avl er å velje rett hingst til hoppa; finne ein kombinasjon ein trur kan høve. Hingstehald organisert gjennom avlslag har stått sterkt til nyleg, men det relative talet av privateigde avlshingstar har vore aukande. Mange lag slit med vanskeleg økonomi, og det er òg problem å få fôrvert til avlshingst. Aktive lokallag er naudsynt for å

oppretthalde interessa for avl og bruk av fjordhest. Bruken av inseminering vert organisert gjennom Norges Fjordhestlag. Insemineringa må styrast planmessig av omsyn til avlen, og semin bør så langt som råd ikkje vere til direkte konkurranse for lagshingsthald.

4.3.5. Innavlspromblematikk

Ei avgrensa undersøking av innavlskoeffisienten hjå fjordhest vart gjort i 1967 (sjå *Stambok over norske hestar* 1967). I 1910 vart den gjennomsnittlege innavlskoeffisienten i populasjonen berekna til 0.010, i 1930 til 0.047 og i 1957 til 0.077.

Ei meir omfattande undersøking av innavlssituasjonen vart gjort i 2009, i ei masteroppgåve ved Universitetet for miljø- og biovitenskap på Ås. Her følgjer utdrag frå resultatane i avhandlinga: På 1960- og 70-talet var innavlsraten svært høg og ikkje berekraftig. På 1980-talet flata kurven ut. Tidspunktet fell saman med introduksjonen av utanlandske hingstar i norsk fjordhestavl. Per 2009 var den gjennomsnittlege innavlskoeffisienten 0.070. Til samanlikning gjev paring mellom halvsøsken ein innavlskoeffisient på 0.125. Det ein bør ha fokus på i forvaltningsarbeidet for fjordhesten, er endringa i innavl i siste generasjon. Endringa i innavl i siste generasjon (ΔF) var 0.46 % i 2009 (Johnsen&Seilen, 2009). Dette er akseptabelt, ettersom internasjonale retningslinjer tilrår ein ΔF på maksimalt 0.5 – 1 % per generasjon (Woolliams et.al 2005). Dei akseptable resultatane frå 2009 bør sjåast i lys av dei faktorane som har påverka fjordhestavlen i den aktuelle perioden. Dei to faktorane som sannsynlegvis har bidrege til å halde innavlsraten dei siste 25 åra på eit akseptabelt nivå, er a) migrasjon av utanlandske hestar sidan 1980, og b) utstrakt bruk av unge hingstar i avlsarbeidet. I effektiv populasjonsstorleik (N_e) tilsvarer ΔF kalkulert i 2009 ein N_e -verdi på 107. Dèt betyr at med dagens ΔF , bidreg totalt 107 uslekta dyr i avlen. Det er ikkje ønskeleg at dette talet vert lågare enn 100. Stoda for fjordhesten er difor i grenselandet for kva ein kan rekne som forsvarleg forvaltning, sett frå eit genetisk synspunkt. Undersøkingar av innavlssituasjonen i populasjonar er viktige, men dei vil aldri gje heilt nøyaktige bilete av røynda. Per i dag er dei låge bedekkingstala det aller viktigaste signalet på at fjordhesten er utryddingstrua. Dei siste åra har talet på registrerte fjordhestføl vore omtrent 150-200 pr. år. Ved UMB viser studium at i små hestepopulasjonar vil auke i innavl vere ei utfordring dersom talet på fødte føl blir lågare enn 200 registrerte individ i året, med en stor andel avkom etter unge hingstar. Med dei bedeknings- og fødselstala den norske fjordhestpopulasjonen no opplever, vil det derfor vere nødvendig å overvake innavlutviklinga nøye i tida framover. Norges Fjordhestlag vil som avlsorganisasjon ha fokus på dette og vil vurdere å sette i verk dei tiltaka som fagmiljøet meiner er nødvendig for å sikre seg mot uønska auke i innavl.

4.3.6. Avl, bruk og marknad

Avl og bruk må til ei kvar tid sjåast i samanheng. Interessa for å bruke fjordhesten til meir enn å avle på og stille ut, er viktig for sal til brukbare prisar, og dermed for økonomien i hestehaldet og det vidare avlsarbeidet. Skal ein få auka sal, må ein få fram ein hest som er attraktiv for kjøparar. Den største marknaden vil alltid vere innanlands, sjølv om det bør vere utsikt til auka eksport av avlsdyr, og i ein skilde høve òg gode brukshestar. Det har synt seg at det å vise fram fjordhesten i bruk, det vere seg i bruksprøver eller i tevlingar på ulikt nivå, er ein sær god reklame for rasen. Fjordhesten har vist seg som ein allsidig brukshest med særleg gode evner som køyrehest.

I mange av Noregsmeisterskapa i køyring som har vore haldne hittil, har ein fjordhestekvipasje sigra i si klasse. I dressur-NM for ponni og i andre tevlingar, har fjordhestar òg oppnådd gode resultat. Mange og nøgde brukarar er dei beste ambassadørar for rasen. Avlsplanen skal verke til eit teneleg og planfast avlsarbeid for rasen og brukarane, noko som vil sikre ei langsiktig forvaltning av populasjonen.

5. Avlsmål

Gjennom reinrasa avl å ta vare på særpreget og mangfaldet til rasen og dei allsidige eigenskapane til fjordhesten, og å avle fram ein sunn og funksjonsdyktig hest. Vidare å bevare dei opphavlege og godkjende fargane til rasen og dei primitive avteikna, avhengig av nyansane i kroppsferien.

Fjordhesten skal vere ein sterkbygd, hardfør, velbygd og atletisk hest med stor utstråling og sjarm. Ulike brukstypar/modellar vert aksepterte. Fjordhesten skal vere påliteleg, samarbeids- og arbeidsvillig samstundes som den er avbalansert og roleg. I tillegg er målet naturlege og godt balanserte rørsler med god framdrift.

Fjordhesten skal vere ein allsidig hest. Den skal vere lett handterleg og høveleg til familiebruk.

Avlsopplegget skal ha sterkt fokus på at det skal avlast fram ein fjordhest som er attraktiv for framtidens brukarar, og det må òg vere basis for vektlegging av eksteriør, rørsler og brukseigenskapar.

5.1. Eigenskapar som vert vektlagde for å fremje avlsmålet

<i>Eigenskap</i>	<i>Vektlegging i %</i>
Eksteriør	50 %
Brukseigenskapar	30 %
Lynne	10 %
Holdbarheit	10 %

5.1.1. Eksteriør

Eksteriøret tel 50 % i det overordna avlsmålet for fjordhest. Sjå definert vektlegging på ulike deleigenskapar innan eksteriør under punkt 5.2.1: «Indeksing av eigenskapar».

Eksteriøret skal dømmast etter følgjande kriterium:

I. Rasetype/preg og brukstype

Ved vurdering av rasetype/preg og brukstype skal følgjande trekk vurderast:

Storleik: Det er inga øvre og nedre grense for storleiken, men det er ønskjeleg at hesten er mellom 135 og 150 cm i stongmål mankehøgde.

Farge og avteikn: Dei fem godkjende fargane er brunblakk, ulsblakk, grå, raudblakk og gulblakk. Innan dei ulike fargane er det ulike nyansar. Det er viktig å ta vare på dei såkalla primitive avteikna. Ei stjerne kan godtakast på hopper. Andre synlege avteikn vert ikkje godtekne, med unntak av lyse høver på raudblakke og gulblakke hestar. Her kan lyse spaltar godtakast, dersom desse er symmetriske på alle fire høver. For at lyse felt i hov skal reknast som avteikn, må det vere skarp overgang mellom lyst og mørkt, og stripene må vere bortimot mjølkekvite. Lyse høver/bein som gradvis fører over til karakteristisk farge på raudblakke eller gule hestar er ikkje å rekne som avteikn, men som ein del av særtrekket ved desse fargane.

Hårsetnad: Panneluggen på vaksne hestar dekkjer vanlegvis frå ein til to tredelar av hovudet. Fjordhesten skal ha ståman. Mana skal ha ein konveks fasong som er tilpassa overlinja til hesten.

Hovudet: Hovudet utgjer ein viktig del av særpreget til fjordhesten. Det bør vere lite og godt markert, med ei brei og flat panne. Naseryggen bør vere kort og kan vere rett, men helst konkav. Augo bør vere store, mørke og klåre og gje eit tillitsfullt uttrykk. Det er ønskjeleg med store, vide nasebor slik at mulen får ein meir firkanta utsjånad. Underkjevane bør vere godt markerte, særleg på hingstane, men må ikkje vere så kraftige at hovudet verkar tungt. Det skal vere god breidd mellom underkjevane (hakegropa). Øyrene skal vere breistilte og korte, parallelle å sjå til og ha ein markert, fin tupp.

Kjønnspreg: Det skal vere tydeleg skilnad i preg mellom hingst og hoppe. Dette kan skildrast ved at hovudet til ei hoppe oftast vil vere noko meir finmeisla enn hjå ein hingst. Ei brei panne og kraftige underkjevar, saman med godt markerte og store auge, kan gje inntrykk av ei meir trekanta hovudfasong hjå hanndyra. Det er i tillegg ønskjeleg at halsmuskulaturen, særleg på oversida av nakken og halsen, er kraftigare hjå hingstar enn hjå merrar.

II. Kroppsbbygning og muskulatur

Ved vurdering av kroppsbbygning og muskulatur er det følgjande trekk som skal liggja til grunn for vurderinga:

Halsen: Halsen bør vere høgt ansatt og ha ei konveks overlinje. Særleg hingstane bør ha kraftig halsmuskulatur. Fjordhesten vart ein periode nytta mest som arbeidshest, og difor vart det framavla ein kort, kraftig hals og ein steilare bog. I dag er det ønskjeleg med ein lengre og smidigare hals som er meir eigna til riding, lettare køyring og kløvjing. Det er særleg viktig med ein lengre nakke og ein smidigare overgang mellom hovud og hals. Lang, tynn hals er ikkje ønskjeleg.

Bog og manke: Bogpartiet har stor innverknad på rørslene til hesten. Det er difor ønskjeleg med ein godt markert, lang og skrå bog. Manken skal ikkje vere rund, men lang og tilstrekkeleg markert og såleis utgjere ein jamn overgang frå nakke/hals til rygg.

Kropp og overlinje:

Rygg- og lendepartiet bør vere jamt, godt muskeltett. Ryggen bør ikkje vere for lang, og lenda bør vere kort og sterk. Overgangen mellom rygg og kryss skal vere bøyeleg og samstundes syte for at midtstykke og bakpart vert skøytt jamt og sterkt i hop.

Bakparten: Krysset bør vere langt, breitt og godt muskeltett. Krysset bør ikkje vere flatt, og heller ikkje sterkt hellande. Halefestet må ikkje vere for lågt eller for høgt. Låret skal vere muskelfyldig sett frå sida og bakfrå.

III. Beinkvalitet og beinstilling

Ved vurdering av beinkvalitet og beinstilling skal følgjande leggjast til grunn:

Frambein

Ledd og sener skal vere tørre, og beinstillinga skal vere korrekt sett framanfrå, bakfrå og frå sida. Over- og underarmar skal vere tilstrekkeleg lange, med sterk og godt utvikla muskulatur. Framknea bør vere markerte og rette sett framanfrå. Pipa bør vere rein og tørr og stå korrekt midt under framkneet. Sabelbeinte framkne er ikkje ønskjeleg, då dette kan disponere for betennelse i framkneledda. Lengda på koden og kodevinkelen må vere slik at hesten fjørar godt under rørsle.

Bakbein

Ledd og sener skal vere tørre, og beinstillinga skal vere korrekt sett framanfrå, bakfrå og frå sida. Lår og underlår skal vere tilstrekkeleg lange, med sterk og godt utvikla muskulatur. Hasen bør vere sterkbygd og markert. Korkje rake og for krumme hasar er ønskjeleg, då desse bygningstrekka disponerer for høvesvis opphaking av kneskåla og spatt. Lengda på koden og kodevinkelen må vere slik at hesten fjørar godt under rørsle.

Høver

Høvene skal ha god hornkvalitet og dei bør vere romslege med høveleg skrå sideveggar. Solen skal ha stor bereflate og vere godt oppkvelvd, med ei brei og mjuk kråke. Det bør vere god breidd mellom drakthjørna, men høvene skal ikkje vere flå.

IV. Rørsler

Rørslene og gangartane må vere ledige og uanstrengte. Rørslene skal vere gjennomgripande, det vil seie at dei fleste ledd, i tillegg til overlinja, er aktive i prosessen. Dei skal dessutan vere energiske, med god balanse og takt. Det er viktig at hesten har god bogfriheit og god haseaksjon. Høge kneløft er ikkje ønskjeleg.

5.1.2. Brukseigenskapar

Brukseigenskapar som vert vektlagde i avlsarbeidet, er:

Allsidigheit
Køyreeigenskapar
Rideeigenskapar
Rørsler
Lynne

5.1.3. Haldbarheit

Haldbarheit har ei vektlegging på 10 % og vert dømt under veterinærgransking i samråd med kåringsnemnda når det gjeld hingstar. I klasser der det ikkje er veterinærgransking, vert hesten si helse/haldbarheit, i tillegg til trekk ved eksteriøret som påverkar helse/haldbarheit, vurdert av eksteriørdommarane.

5.1.4 Lynne

Lynne har ei vektlegging på 10 % og er ei vurdering av måten hesten ter seg på utstillinga. For eldre hingstar vil ein ha tilleggsopplysingar gjennom dei utvida bruksprøvene på stasjon. Lynne skal skildrast og vurderast av veterinær og bruksprøvedommarar.

5.2. Individdømming

Resultata frå individdømminga av eksteriør, brukseigenskapar, lynne og haldbarheit skal vurderast i høve til vekta som vert lagd på dei ulike eigenskapane, og slik gje grunnlag for avgjerda om kåring/godkjend grad. Krava til eigenskapane i avlsmålet må tilfredsstillast kvar for seg. Held ikkje eksteriøret mål, kan ikkje individet kårast/godkjennast uavhengig av gode brukseigenskapar. Omvendt kvalifiserer ikkje godkjende bruksprøver til kåring/godkjenning uavhengig av godt/korrekt eksteriør. Det same prinsippet gjeld for lynne og haldbarheit. Ved tildeling av einskildkaraktarar for dei ulike eksteriør eigenskapane i avlsmålet, skal individet tilkjennast den karakteren som kvaliteten til kvar einskild eigenskap fortener, uavhengig av

kvaliteten til dei andre eigenskapane. Individet kan ikkje kårast/godkjennast dersom ein eller fleire eigenskapar vert vurdert til karakteren 4 eller dårlegare. Samanlagt poengsum for eksteriøret til individet er ikkje relevant for dommaravgjersla og skal såleis ikkje vektleggast i kåringsavgjersla. Sjå elles dommarkort.

5.2.1. Indeksering av eigenskapar

Det er gjort eit arbeid med utarbeiding av matematisk vekting av eigenskapar og deleigenskapar tilpassa det nye dommarkortet som vart innført i 2011. Matematiske vekter innførast som eit prøveprosjekt 2012, og vil soleis ikkje verke inn på resultata for kåring/utstilling 2012. Sjå gjeldande vekting av eksteriør under. Alle delkarakterar skal då vektast inn i den samla karakteren for eigenskapen ved hjelp av tildelte vektingar. Dette er for å sikre at delkarakterane vert vektlagde likt kvar gong (og i høve til avlsplanen). Indeksering skal difor syte for eit meir rettferdig og konsekvent system.

I vurdering av eksteriør skal eigenskapane vektast slik:

Rasetype og preg:	40 %
Kroppsbygnad og muskulatur:	20 %
Beinkvalitet og beinstilling:	20 %
Rørsler:	20 %
<hr/>	
Totalt	100 %

6. Utval av hingstar – kåring

I avlsarbeidet vert det lagt størst vekt på utvalet på hingstesida, av di hanndyr får størst innverknad i avlen. Utval av hingstar til avl vert bygd på individdømming (kåring). Individdømming skal gje grunnlag for å velje ut avlsdyr med best moglege eigenskapar i tråd med avlsmålet og samstundes gjere det mogleg å påvise defektar på dyret som diskvalifiserer for bruk i avlen. For eldre hingstar vil ein ha tilleggsopplysingar gjennom avkom.

6.1. Kåringsvedtekter

6.1.1. Utstillingsrett

Ein hingst har rett til å verte utstilt og kan kårast/premierast dersom han er registrert i Norsk Hestesenter. Utanlandske hingstar som vert synte til kåring, må fylle dei krava til avstamming som gjeld for norskfødde hingstar. Dei må gjennomføre same prøvene som dei norskfødde individa, med omsyn til vurdering av eksteriør og brukseigenskapar, for å kunne bli vurderte for avlsgodkjenning.

6.1.2. Kåring/premiering

Kåring/premiering vert gjennomført av ei oppnemnd kåringsnemnd på ei offentlig kunngjort utstilling. Kåring/premiering vert utført i høve til gjeldande avlsplan og retningsliner for kåring og kåringsnemnder (sjå [kapitel 11](#)). Retningslinene er nærare spesifiserte i "[Forskrift om godkjente \(reinavla/registrerte\) dyr av hestefamilien](#)".

6.1.3. Fyrste gongs individdømming

Fyrste gong ein hingst kan møte til kåring, er om våren som 3-åring. Ved kåring vert det utført ei individdømming av eksteriør og brukseigenskapar der ein legg vekt på eigenskapar som er definerte i avlsmålet. Syning av hesten laus i ridehall vert gjennomført der det er praktisk mogleg. Fri syning skal styrkje dommarane sine vurderingar av hingstane sine rørsler. Fyrste gong ein hingst møter til kåring, kan han oppnå kåringsgrad og rangerast etter kvalitet. Kåringsgrad gjev rett til avlsbruk for ei avgrensa tid (normalt for 1 år) og til å møte på utvida

bruksprøve. Ein hingst som vert kåra fyrste gong eldre enn 3 år, skal følgje same prosess for testing av bruksegenskapar som 3-åringar i høve til punkt 6.3.

6.1.4. Andre gongs individdømming

Ein kåra hingst skal møte til ny individdømming i klasse 2 (hingstar 4 og 5 år, sjå gjeldande utstillingsreglement) etter å ha gjennomført utvida bruksprøve på stasjon. Om hingsten av veterinærmedisinske årsaker eller andre grunnar som er godtekne (sjå kapittel 6.2) ikkje kan møte som 4-åring, skal han møte som 5-åring. Dømminga skal utførast på grunnlag av resultat av utvida bruksprøver og dei andre eigenskapane som er definerte i avlsmålet. Moglege premiegrader som ein hingst kan oppnå, er 1., 2. eller 3. premie, og han kan i tillegg stillast i kvalitet. Hingstar som ikkje tilfredstiller gjeldande krav til eksteriør eller bruksegenskapar, misser retten til å verte nytta i avl.

6.1.5. Vektlegging av stamme i kåringsavgjerder

I særskilde tilfelle kan ein hingst si stamme tilleggast vekt ved kåring/premiering, men berre etter tilråding frå avlsutvalet i Norges Fjordhestlag. Eit samla avlsutval skal, i god tid før hingstekåringane, vurdere dei innmelde hingstane og informere kåringsnemnda dersom det finst individ som kan vere aktuelle å verne om stammemessig. Ei sentral oppgåve for avlsutvalet vert såleis å setje seg inn i og halde oppsyn med kva slekter som bør vernast om for å sikre ei størst mogleg breidd i populasjonen av fjordhest. For å avgjere om ei slik vektlegging av stamme ved kåring er rimeleg, bør det gå føre seg ei løpande vurdering av innavlsgraden i populasjonen sett under eitt. Dersom ei innføring av bruk av optimale bidrag i fjordhestavlen vert realisert, vil dette dekkje behovet for systematisk gjennomgang av kvart individ sitt gjennomsnittlege slektskap i forhold til resten av populasjonen.

6.1.6. Avkomsgransking

Avkomsgransking og bruk av optimale bidrag

Avkomsgransking med selektert avkomsgruppe har utspelt si rolle i avl av fjordhest. Ein ønskjer no å prøve ei ordning med berekning av avlsverdiar ved hjelp av BLUP. I utgangspunktet vil dette verte gjort for dei eigenskapane som vert registrert gjennom noverande utstillingssystem. Ein legg vidare opp til at hoppekvotar kan takast i bruk i den grad det er naudsynt for å begrense innavlen i populasjonen. Hoppekvotene, eller dei optimale bidraga, skal bereknast årleg. Ansvar for berekning av BLUP og optimale bidrag vert tillagt Norsk Hestesenter, i samarbeid med relevant fagmiljø ved Universitetet for miljø- og biovitenskap. Dei første BLUP-verdiane og hoppekvotene vert berekna i 2013, og ein går då inn i ein omfattande utprøvingfase, saman med representantar for Norges Fjordhestlag, før ein eventuelt tek systemet i bruk i praksis.

6.1.7. Avkåring av hingst

Hingstar som utan gyldig årsak ikkje møter til ny dømming etter kåringsvedtektene, misser automatisk retten til å kunne nyttast i avl.

6.2. Veterinærundersøking

Hingsten skal gjennomgå veterinærundersøking i løpet av utstillinga eller bruksprøvene. Veterinæren skal i tillegg vurdere hingsten sitt lynne. Følgjande prosedyrar bør utførast ved gransking av fjordhingstar:

- Ei generell undersøking av hingsten der ein i fordøyelsessystemet legg vekt på munn, og av respirasjonssystemet der ein auskulterer hjarta.
- Rørsler i skritt og trav, bøyepøver av framkne og hasar. Palpasjon av ledd, undersøking av høver.

- Spesiell undersøking av låsing av kneskåla: Hesten må då leiast begge vegar i ring i skritt, ryggast og leiast sakte unnabakke minimum 4 gonger (der veterinæren ser hesten 2 gonger frå kvar side).

6.2.1. Lidingar som er diskvalifiserande for kåring/premiering

Det skal ikkje kårast hingstar dersom det ved den kliniske veterinærundersøkinga vert påvist følgjande defektar:

- Klapphingst, urhingst og hingstar med store ulikheiter i testikkelstorleik og -konsistens vert ikkje godtekne.
- Pungbrokk vert ikkje godteke på hingstar 10 år eller yngre. Eigarar av kåra hingstar pliktar å varsle Norsk Hestesenter, dersom hingsten får pungbrokk. Dette må gjerast klart for hingsteegarane ved tildeling av kåringsbrev.
- Alvorlige bitfeil er diskvalifiserande (med alvorleg er meint overbit eller underbit der framtenner i over- og underkjeve ikkje slitst mot kvarandre og dette ikkje har årsak i skade.)

6.2.2. Overbein

Overbein på hest kan ha ulike årsaker. Overbein på klassisk stad innvendig på frampipa og like under framkne er ofte eit resultat av belastningsskade som følgje av utforminga av framkneleddet. Slike overbein kan vekse fram innvendig på begge frambein (dobbeltsidig og symmetrisk). Overbein kan såleis vere eit symptom på uheldige anatomiske bygningstrekk, som parallellforskyvde frampiper eller at hesten er kalvbeint (innknea) I slike tilfelle vert hesten trekt for overbeina saman med det uheldige bygningstrekket. Elles bør ein ikkje leggja for stor vekt på overbein, spesielt dersom dei er små.

6.2.3. Undersøking av kjønnsorgan

Klinisk undersøking av testiklane vert gjort i samband med kåring. Fyrste gong ein hingst vert synt, skal hingsten ha 2 testiklar av normal storleik. Dei skal ha normalt leie i pungen og vere symmetriske og av normal konsistens. Rotasjon av ein eller begge testiklar er ikkje uvanleg for nokon hesterase. Lidinga er ikkje automatisk ekskluderande. Testikkelrotasjon skal beskrivast og kan vektleggast.

6.2.4. Følprosent/fruktbarheit

Kåringsnemnda kan avgjere at hingstar med låg følprosent skal kallast inn til grundigare test. Kåringsnemnda i samråd med avlsleiar avgjer om hingstar skal kallast inn til test av fruktbarheit. Dårleg fruktbarheit kan føre til utrangering.

6.3. Bruksprøver

Bruksprøvene for fjordhest er under evaluering og endringar vil komme. Bruksprøvene som beskrive under er gjeldande fram til forslag til nye bruksprøvar føreligg.

6.3.1. Syning av hest laus i ridehall.

Syning av hest laus i ridehall vert gjennomført første gong ein hingst møter til individdømming der det er praktisk mogleg. Fri syning skal styrkje domarane sine vurderingar av hingstane sine rørsler.

6.3.2 Køyreprøve

Bruksprøva (køyreprøva) er obligatorisk første gongen ein hingst møter til individdømming eller ved seinare høve om ein ukåra hingst vert framstilt på nytt.

Elles vert det synt til Norsk Hestesenter sitt gjeldande bruksprøvereglement for hopper og

hingstar. Resultata frå individdømminga av eksteriør, brukseigenskapar, lynne og haldbarheit skal vurderast i høve til vekta som vert lagt på dei ulike eigenskapane (*jfr. pkt 5.2*), og gje grunnlag for avgjerda om kåring.

6.3.3 Utvida bruksprøve

Alle hingstar som vert kåra fyrste gong som 3- eller 4-åringar må, for å få ny avlsgodkjenning, få godkjend utvida bruksprøve på stasjon. Utvida bruksprøve skal gje eit sikrere grunnlag for å vurdere brukseigenskapane og lynnet til hingsten. Importerte/innleigde hingstar som vert kåra for avl i Noreg som 3- eller 4-åringar vert kalla inn til utvida bruksprøve på lik linje med norskregistrerte hingstar. Bruksprøver frå utlandet vert godkjende dersom dei er av same kvalitet og kan samanliknast direkte med dei norske prøvene. Eindags bruksprøver skal ikkje godkjennast i dette høvet. Eigaren av den importerte/innleigde hingsten må sjølv dekke kostnader ved utvida bruksprøve i stasjon. Hingstar som vert kåra fyrste gongen som 5-åring eller eldre, skal, for å fornye avlsgodkjenninga, avlegge og bestå utvida bruksprøve året etter. Hingstar som ikkje kan møte til utvida bruksprøve til fastsett tid, kan søkje om eitt års utsetjing. Hingsten kan då ikkje verke i avlen dette året. Eigar må sjølv melde hingsten til utvida bruksprøve året etter. Hingstar som ikkje består utvida bruksprøve, kan ikkje meldast til hingsteutstilling eit seinare år.

Trening og testing vert utført etter det gjeldande testopplegget som varer 4 veker, om våren det året hingsten fyller 4 år. Hingstar kåra fyrste gongen som 4-åringar vert kalla inn til trening og testing som 5-åringar (om våren).

Dei momenta som inngår i opplegget for trening og testing, er følgjande:

- laushopping
- fri syning
- køyring med lett vogn
- arbeidskøyning
- riding
- reaksjon i trafikk
- rørsler og framdrift
- åtferd på stall
- heilskapsvurdering

Hingsten skal undersøkjast av veterinær i byrjinga av og til slutt i testperioden. Av dei som har ansvaret for testen, får kvar hingst ein karakter for kvar av øvingane, medan eit dommarpanel vurderer og set karakterar for eit utval av øvingar ved dei avsluttande prøvene, etter dommarskjemaet i vedlegg 8. Karakterane vert lagde saman og vekta etter nærare spesifisering. På den påfølgjande utstillinga skal det leggjast avgjerande vekt på resultatata frå bruksprøva saman med eksteriør, lynne og helse.

6.4. Hingstar med avkomsgruppe

Dømming av avkomsgruppe skal gjerast etter gjeldande "*Regler for offisielle hesteutstillinger*".

6.5. Bruk av eigen ukåra hingst på eigne hopper

Ukåra hingst vert ikkje tillate brukt i fjordhestavlen.

6.6. Bruk av embryo

Fjordhest som har vorte til ved embryooverføring kan ikkje registrerast i Noreg.

6.7. Bruk av sæd frå død hingst

Sæd frå død kåra/godkjend hingst kan nyttast ut avlssesongen det året hingsten døyde. Etter søknad kan kåringsnemnda gje dispensasjon. Søknad skal sendast Norges Fjordhestlag til uttale.

6.8. Kunstig semin (KS)

Hingstar kåra for avlsbruk i Noreg kan òg nyttast til KS på norske hopper. Importert sæd frå hingstar oppstalla i utlandet kan ikkje nyttast til norske hopper utan at hingsten er godkjend for dette av kåringsnemnda for fjordhest i Noreg.

7. Utval av hopper

7.1. Hoppeutstillingar

Utval av hopper til avl bør baserast på individ- og avkomsdømming. Hoppeutstillingar med bruksprøver vert difor eit viktig tiltak for utvalet av avlsdyr. For dømming vert det vist til gjeldande "*Regler for offisielle hesteutstillinger*" og til *dommarkort*. Bruksprøvene vert gjennomførte etter gjeldande reglar frå Norsk Hestesenter. Grunnlaget for premiering ved hoppeutstillingane må vere i tråd med avlsmåla for rasen. Rasen bør halde oppe sin gode tradisjon med å sette hoppene tidleg inn i avlen. Ein ser det som viktig at det til ei kvar tid vert nytta dei rette midla (pengepremie og andre utstillingstilskot) for å få hoppene fram til utstilling.

8. Avlsregulerande tiltak

Optimeringsarbeid der ein vurderer ymse strategiar for seleksjon (reseleksjon/avkomsgransking) i høve til avlsframgang og relativ auke i innavl, er ikkje gjort på fjordhest. Avlspopulasjonen av norskregistrert fjordhest omfattar i dag omlag 40 hingstar i avl og omlag 300 avlshopper, m.a.o. ein relativ liten populasjon. I tillegg finst det fjordhest i mange land rundt i verda, slik at den totale avlsbasen er større når ein ser alle fjordhestar under eitt. Det finst ulike tiltak for å avgrense og/eller redusere innavl i ein populasjon på lang sikt. Desse kan vere kvoter på talet på bedekkingar ein hingst kan få, eller kvoter på talet på søner som kan kårast etter ein hingst. Tiltak

kan ikkje setjast i verk utan at dette skjer i samråd med NFL. Det er sett i gong eit forskingsprosjekt ved Universitetet for miljø- og biovitenskap som omhandlar utprøving av optimale bidrag/hoppekvoter på dei 3 særnorske hesterasane.

9. Avlsstimulerande tiltak

9.1. Avlsstimulerande tiltak i regi av Norges Fjordhestlag

9.1.1. Unghestsjå

Ekstrasløyfe kan gjevast til spesielt gode dyr i klassane for 2- og 3-års merrar på unghestsjåa. Med gode dyr meiner ein dyr som har fått 8 poeng i heilskap og der ingen av einskildkarakterane er under 7. Norges Fjordhestlag har egne sløyfer til dette.

9.2. Avlsstimulerande tiltak i regi av Norsk Hestesenter

9.2.1. Hingsteutstillingar

Norsk Hestesenter har ansvaret for å arrangere hingsteutstillingane. Raseorganisasjonen skal hjelpe til med teknisk personell.

9.2.2. Hoppeutstillingar

Norsk Hestesenter i samarbeid med samarbeidsutvala og raseorganisasjonane har ansvaret for å arrangere hoppeutstillingane. Raseorganisasjonen skal hjelpe til med teknisk personell.

9.2.3. Unghestsjå

Norsk Hestesenter i samarbeid med samarbeidsutvala og raseorganisasjonane har ansvaret for å arrangere unghestsjåa. Raseorganisasjonen skal hjelpe til med teknisk personell.

9.2.4. Individregistrering og utgjeving av stambok

Hingsteeigaren har ansvaret for å sende inn springsetlar til Norsk Hestesenter innan 1. oktober det året paringa skjer. Om springsetlar ikkje er mottekne etter puring, og seinast 1. januar året etter, kan hingsten misse godkjenninga for avl for det følgjande året. Norsk Hestesenter har ansvar for å sende ut fødselsmeldingar til hoppeeigarane året etter at paringa har skjedd. Hoppeeigarane skal deretter, innan 1. november, returnere utfylde fødselsmeldingar til Norsk Hestesenter, der føla vert registrerte. Sjå [utdrag frå reglane for registrering](#). Norsk Hestesenter har ansvaret for registrering og stambokføring av fjordhesten, etter dei retningslinene Norges Fjordhestlag og Norsk Hestesenter til ei kvar tid er einige om. Norsk Hestesenter pliktar å gje ut stambok for Fjordhest. Målsetjinga er å gje ut stambok kvart tredje år. Sjå stamboka på nettsidene: www.nhest.no

9.2.5. Anna økonomisk støtte til avlsarbeid

Økonomisk støtte til avlsarbeidet vert tildelt i tråd med innhaldet i avlsplanen. Tildelinga vert avgjort av avlsrådet ved Norsk Hestesenter etter søknad frå Norges Fjordhestlag. Norsk Hestesenter i samarbeid med raseorganisasjonane har ansvaret for utviklingsarbeid med omsyn til gjeldande avlsplanar. I gjeldande plan omfattar dette:

- å auke dommarane sin kompetanse slik at dei i større grad er i stand til å skilje mellom gode og dårlege individ, samt gode og dårlege eigenskapar.
- å betre individregistreringa. I større grad må føl som vert fødde registrerast. Arvelege defektar, fargar, avteikn, virvlar osb. må takast inn i registreringa. Ei fullstendig individregistrering vil gje grunnlag for betre statistikk vedk. fruktbarheit hjå både hingst og hoppe.
- å, i samarbeid med raseorganisasjonane, sørgje for rekruttering/opplæring av eksteriør- og bruksprøvedommarar.

10. Oppfølging av avlsplanen

10.1. Revisjon av avlsplan

Avlsplan for fjordhest med vedlegg kan endrast ein gong kvart fjerde år. I særskilde høve kan enkeltstående endringar gjerast utanom dette.

10.2. Endringsforslag avlsplan

Norges Fjordhestlag sender eventuelle endringsforslag til Norsk Hestesenter innan 1. oktober året før endringane er tenkt sette i verk. Styret i Norsk Hestesenter vedtek eventuelt endringane.

10.3. Avlsråd

Norsk Hestesenters avlsråd skal ha samansetjing slik at interessene til dei ulike hesterasar blir ivaretekne gjennom eigen representant, jfr. *Instruks for avlsrådet*.

10.4. Stambok

For å få registrert fjordhest i hovudstamboka er det krav om fem generasjonar registrert og dokumentert fjordhestavstamming bak eit registert individ (viser forøvrig til reglar for registrering av dødehest, fjordhest og nordlandshest/lyngshest, NHS).

11. Instruksar for kåringsnemnd og dommarar

11.1. Regelverk

Kåring av hingstar går føre seg etter den til kvar tid gjeldande avlsplan, samt reglement for utstillingar og bruksprøver. Kåringsnemnder og dommarar vert oppnemnde av avlsrådet i Norsk Hestesenter etter framlegg frå Norges Fjordhestlag, i følgje [§ 14 i "Forskrift om godkjente \(reinavla/registrerte\) dyr av hestefamilien"](#).

11.2. Utdanning av dommarar

Utdanning og autorisasjon av eksteriør- og bruksprøvedommarar går føre seg i regi av Norsk Hestesenter, etter nærare fastsette utdanningsplanar.

11.3. Oppfølging av dommarar

Det skal jamt haldast særskilde samlingar for fjordhestdommarar kvart år, for at desse skal verte orienterte om faglege spørsmål og eventuelle endringar i avlsplan og reglement. For å halde fram

som dommar, må dommarane vere med på eit minimum av samlingar over ei årrekke. Norges Fjordhestlag i samarbeid med Norsk Hestesenter, fastset nærare reglar for dette.

12. Handsaming av klager på resultat frå utval av avlsdyr

12.1. Klagerett

Vedtak som er fatta etter forskriftene, gir klagerett etter Forvaltningsloven av 10. februar 1967, kap. VI. Klagefristen er 3 veker frå det tidspunktet underretting om vedtaket har kome fram. Klagen vert send til det forvaltningsorganet som har fatta vedtaket.

12.2. Klagehandsaming

Klage på kåring skal setjast fram skriftleg til Norsk Hestesenter. Kåringsnemnda vurderer saka på nytt, med ev. nye moment. Om vedtaket står fast, går saka til Klagenemnda for kåringsavgjerder. Endeleg vedtak kan ikkje påklagast, om ikkje Kongen avgjer annleis. (Sjå Mandat for klagenemnder)

13. Vedlegg

13.1. Vedlegg 1: Forskrift om godkjente (reinavla/registrerte) dyr av hestefamilien

13.2. Vedlegg 2: Regler for offisielle hesteutstillingar

13.3. Vedlegg 3: Fjordhestens fargar

13.4. Vedlegg 4: Dommarkort for hest

13.5. Vedlegg 5: Skjema for helsekontroll

13.6. Vedlegg 6: Bruksprøvereglement for hopper og hingstar

13.7. Vedlegg 7: Bruksprøver for hingstar

13.8. Vedlegg 8: Dommarkort lausmønstring

13.9. Vedlegg 9: Dommarskjema observasjonstest for hingstar

13.10. Vedlegg 10: Dommarskjema utvida bruksprøve fjordhest

13.11. Vedlegg11: Utdrag av regler for registrering

Referansar

WOOLIAMS, J.A., BERG, P., MÄKI-TANILA, A., MEUWISSEN, T. & FIMLAND, E. (2005). *Bærekraftig forvaltning av husdyr genetiske ressurser.*